



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2014

2014 er det første heile året løa har vore i drift. Me er svært tilfredse med at løa har vorte eit attraktivt lokale som me alle kan vera stolte av, og løa har vorte nytta til eit vidt spekter av ulike arrangement. Av Hå kommune har me fått opplyst at løa har vore leigd ut om lag 35 gonger pr. måned; lågast utleige var det i juni med 30 arrangement, og høgast utleige var i september med 60 arrangement. I desse tala inngår også dei faste arrangementa i regi av sjakkklubben, ungdomsklubben, barnehagen og øving i musikkrom. Hå kommune er eigar av Lensmannsgarden, og står for drifta. Vennelaget er ein støttespelar for kommunen i dette arbeidet.

Vennelaget har støtta kommunen sin aktivitetsleiar for ungdom, Monica Cecilie Herredsvela, mellom anna med praktisk arbeid, vakthald ved ungdomsarrangement og elles med vedlikehaldsarbeid. Ved vårdagnaden i juni vart stolane reingjorde, kjøkken med inventar vaska og sjekka, vindussprosser måla og i tillegg vart etterspurd tilpassingsarbeid på kasser for ventilasjonskanalar oppe i løa utført.

Litt gjenstående arbeid frå rehabiliteringa har vore utført også i 2014; mellom anna reparasjon av sprekk i løebru, montering av skap, hyller og utelys, og installering av same nøkkelbrikke oppe i løa som i inngangsdøra nede. Av dei samla budsjetterte midlane til rehabiliteringsarbeid og inventar på 4.230.000 kr pluss moms, står det att 370.000 kr som ikkje er brukt. Vennelaget har, i samråd med Hå kommune, greidd ut installering av sprinklaranlegg oppe i løa, og vil avklara om rehabiliteringsarbeidet kan utvidast til å inkludera sprinklaranlegg. Kostnadanslag for sprinklaranlegg er om lag 245.000 kr pluss moms.

Hå kommune stoppa i oktober 2014 all bruk oppe i løa, med unnatak av bruk for den kommunale ungdomsklubben og Lensmannsgarden Barnehage med grunngjeving at bruksløyve er trekt tilbake då løebrua er for bratt til å tilfredstilla universell utforming. Dette var eit uventa vedtak, og ei oppsiktsvekkjande endring av praksis. Vennelaget med Byggkomiteen har hatt møte med m.a. Ordførar og Rådmann og gitt kommunen relevant informasjon m.a. frå ekspertar sentralt i byggebransjen. Ordførar og Rådmann har sikra at dei ulike aktørane i kommunen samarbeider for å finna ei hensiktsmessig løysing. Kommunen arbeider no med ei sak som skal til politisk behandling i utval for tekniske saker og næring om kort tid. Målet er å fråfalla kravet om rullestolrampe, og gje ferdigattest.

Arrangementkomiteen i Vennelaget har hatt mange spanande «Kultur i løå-arrangement» i 2014; Det har vore konsertar med General Forsamling, Olav Larsen og Anita Bekkeheien, Simen Rem, Castaway og Inger Elisabeth Aniksdal. På konserten med «Silo og Saft» var «Johnny Red and the Prayerhouse People» med, og Jarle Mong hadde kåseri om «Silo og Saft» sine songtekstar. På kåserikvelden der Leif Reiestad snakka om Varhaug på 50, 60 og 70-talet var det song av Asta Herredsvela. Av handtverksaktivitetar har det vore kurs i toving og kurs i lagning av julepynt. Det har vore «Staudekveld» i samarbeid med Hagelaget, og det har vore Jonsokfeiring. Under leiing av musikkgrupper frå Varhaug misjonshus var det Allsongkveld, og det vart også arrangert Korkveld med Klepp Mannskor og Hå Dur & Moll med musikk av Vigrestad Brassband og Romjulskonsert med Liv Skretting, Silje E Varhaug & co.

Styret i Vennelaget har hatt 6 styremøte i 2014. Det har også vore ein del arbeid i dei ulike komitéane. Komitéen for innreiing og utsmykking og dugnadskomiteen for rehabiliteringsarbeidet er avvikla. Representantar frå Vennelaget har vore i dialog med kommunen om framtidig bruk av hagen, og samarbeidet kan vidareførast når huset skal rehabiliterast.

Medlemstalet i Vennelaget er no 264.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net , og for informasjon om dei kulturelle arrangementa viser me til facebook-sida «Kultur i Løå».

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Erik T Skretting, nestleiar
Ingunn Helen Reiestad, sekretær
Geir Egil Rosland, kasserar
Solveig Aanestad, styremedlem
Tor Selmer Olsen, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland
Arnstein Skretting

Arrangementskomité:

Geir Egil Rosland, leiar
Dag Madland
Guri Å.Sollesnes
Kari Nord-Varhaug

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Kari Nord-Varhaug

Tone Elin Berge

Hans Vagleik Jakobsen

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden

Kjetil Skrettingland (leiar)